



**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 19/2396  
**Saksbehandlar:** Kristian Nave  
**Dato:** 11.11.2019

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
19/008	Utval for areal og eigedom	26.11.2019

### Høyring - Lokal forskrift om utvida bandtvang for hund i Stad kommune

#### Bakgrunn for saka:

Laushundar i beiteområder er eit aukande problem fleire stader i Stad kommune sitt område. Kommunane har ved fleire høve vore kontakta og organisasjonane i landbruket har helde møte om dette temaet. Det er kome brev frå Selje og Stadlandet Bondeleg der dei ber kommunen innføre ei forskrift som kan regulere hundehaldet betre for beitedyra. Det er spesielt på turistplassane og i turløypene det er størst konflikt.

I Stad kommune beitar om lag 15200 sau og lam, 1000 geiter, 1500 storfe og 100 hestar i utmarka. Beitesesongen varer til godt ut i oktober. For utgangarsau og nokre andre buskapar går dyra ute heile året eller mesteparten av året.

Hundelova gjev reglar for korleis hundeholdet skal utøvast av den einskilde, for å ivareta omsynet til tryggleik og allmen ro og orden, jf hundelova § 1.

I hundelova § 6 er det gjeve ein eigen regel om bandtvang. Den seier:

*I tiden frå og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innestengt, slik at ikkje den kan jage eller skade storfe, sau, geit, fjærfe, rein, hest eller vilt, herunder viltets egg, reir og bo.*

Andre reglar om sikring av hund ved bandtvang m.m. utover dette må fastsetjast i lokale forskrift i den einskilde kommune, innafor rammene i hundelova.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 37 vert framlegg til lokal forskrift om bandtvang for hund sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

#### § 1 Bandtvang

Det er generell bandtvang i Noreg frå 1. april til 20. august. Med heimel i hundelova § 6 andre ledd, bokstav e) utvidar Stad kommune bandtvangen til å gjelde frå 1. april til 20. oktober.

## § 2 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft med kunngjeringa i Norsk Lovtidend.

### Vedlegg i saka:

19.11.2019	Forskrift om utvida bandtvang, Eid kommune - Lovdata	1329801
19.11.2019	Forskrift om utvida bandtvang, Selje kommune - Lovdata	1329802

### Utval for areal og eigedom 26.11.2019:

### Handsaming:

### UAE- 19/008 Vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 37 vert framlegg til lokal forskrift om bandtvang for hund sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

### § 1 Bandtvang

Det er generell bandtvang i Noreg frå 1. april til 20. august. Med heimel i hundelova § 6 andre ledd, bokstav e) utvidar Stad kommune bandtvangen til å gjelde frå 1. april til 20. oktober.

### § 2 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft med kunngjeringa i Norsk Lovtidend.

### Saksopplysningar:

#### Aktuelle lover, forskrifter:

Lov om hundehold (hundelova)

Forvaltningslova

#### Vurdering:

Den generelle bandtvangen i hundelova er ikkje vurdert til å vere lang nok utover hausten for Stad kommune. Beitedyra vert skadelidande ved lause hundar i utmarka i dei to månadane som framlegget til lokal forskrift omhandlar, frå 20. august til 20. oktober.

Kommunen har etter § 6 i hundelova høve til å innføre lokal forskrift om bandtvang etter fleire alternativ frå a) til f). Kommunedirektøren gjer framlegg om å nytte § 6 andre ledd, bokstav e) : *I hele eller deler av kommunen i bestemt angitt tidsrom når storfe, sau, geit eller hest normalt går ute.*

Det går fram av § 6 tredje ledd at ved «*fastsettelse av båndtvang etter bokstav e) og f) kan båndtvang bare innføres i de områder av kommunen hvor husdyr har rett til å beite og faktisk beiter, eller hvor vilt man ønsker å beskytte har sitt leveområde*»

Ei lokal forskrift om bandtvang etter § 6 andre ledd bokstav e) vil såleis berre gjelde:

- I beitesesongen
- I område der husdyr faktisk beitar
- I område der husdyr har rett til å beite

Alle desse tre føresetnadane må vere til stades for at kommunen kan setje krav om bandtvang i eit beiteområde. Det er såleis ikkje slik at kommunen utan vidare kan setje eit generelt krav om bandtvang i kommunen heile året gjennom.

Datoen i framlegget, 20. oktober, er ei vidareføring av forskriftene i Eid og Selje.

Utvida bandtvang kan ikkje setja til side bruk av hund i jakt, redningsaksjonar mv, jf hundelova § 9:

*Båndtvang fastsatt i eller i medhold av §§ 4, 6 og 7 gjelder ikke for*

- a) *hund når den brukes i reindrift,*
- b) *dressert bufehund når den brukes til å vokte storfe, sau eller geit,*
- c) *hund i aktiv politi-, toll-, militær- og redningstjeneste eller under trening eller prøving for slik tjeneste,*
- d) *hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såret eller sykt vilt,*
- e) *særlige bruksformål, avgrensede områder eller nærmere angitte hunderaser eller hundetyper eller for hunder som har særskilt trening, når dette er fastsatt av kommunen ved forskrift eller enkeltvedtak. Ved dette kan kommunen bl.a. legge ut et område som dressurområde for hunder, dersom samtykke som nevnt i § 8 første ledd foreligger,*
- f) *hund når den brukes for jakt, jakthundtrening og jaktprøver mellom 20. august og 1. april eller når båndtvang er fastsatt i medhold av § 6 annet ledd bokstavene c, d og e.*

*Hund som nevnt i første ledd bokstav a til d eller i bestemmelse som gjelder særlige bruksformål etter bokstav e, kan på en aktsom måte slippes slik det er naturlig ut fra bruksformålet.*

*En hund som nyttes som jakthund eller er under trening eller prøve for dette, kan slippes på en aktsom måte slik det er naturlig ut fra bruksformålet, når dette ikke er i strid med viltloven, naturmangfoldloven eller regler om båndtvang. Det samme gjelder for trening og prøving av ettersøkshunder.*

**Økonomiske konsekvensar:**

Saka har ingen økonomiske konsekvensar for Stad kommune.